



RAUDT

KOR

AVISA

INNHOLD

- INTERVJU MED NYE KORMEDLEMMER
- SPRÅKPOLITIKKEN I RAUDT KOR
- STUDIESIRKEL
- REGNSKAP
- INTERNASJONALEN

INTERVJU MED NYE KORMEDLEMMER

På et møte i avisgruppa laga vi noen spørsmål som ble gitt noen av de nye i koret. Hensikten med dette var å få vite hvorfor de begynte i Rødt Kor, hvordan de liker seg her osv.

Følgende spørsmål ble stilt (og med "svarfrist" på en uke, så vi går utifra at svarene er grundig gjennomtenkte...):

- 1) Hvorfor begynte du i Rødt Kor?
- 2) Har koret svart til de forventningene du hadde?
- 3) Hvordan synes du synginga/stemme-gruppene og møtene fungerer?
- 4) Er du fornøyd med måten koret blir ledet på? Har du andre ideer?
- 5) Hva synes du om det sosiale miljøet i koret?

OG HER FØLGER SVARA:

- 1) Fordi Rødt Kor står for noe mer enn sang alene. Plattformen for koret er jeg enig i, og det var derfor svært fint å få kombinere politisk syn/aktivitet med det å synge i kor, og som jeg hadde stor lyst til.
- 2) Ja, og vel så det! Jeg hadde i min uvitenhet ikke forventet at de ukentlige øvingene også ga så stort rom for diskusjoner, appeller osv. Jeg er glad jeg har en mulighet her til å utvikle meg politisk gjennom diskusjoner osv.

3) Jeg synes synginga går bra. Hva angår stemme-gruppa, har denne blitt litt tilfeldig ledet og delvis svakt ledet. Møtene er jeg absolutt fornøyd med slik de har fungert til nå.

- 4) Ja, jeg synes den informasjonen ledelsen må gi ikke tar for mye tid av møtene. Det virker som om ting er godt planlagt, spesielt på de siste møtene. Ledelsen er positiv til kritikk, og tar den alvorlig, - det er gledelig. På denne måten blir alle medlemmene hørt. Nye ideer til ledelsen har jeg ikke, - dette fordi jeg synes det fungerer tilfredsstillende.
- 5) Det sosiale miljøet i koret er så bra som det kan være, tror jeg. Det tar alltid tid å bli kjent med nye kamerater. Vi har et felles grunnleggende politisk syn, medlemmene i koret, gamle eller nye; og dette alene betinger et visst sosialt miljø, - derfor må det bli bra. Andre ting som

(forts.s.4)

SPRÅKPOLITIKKEN I RAUDT KOR

Føremålet med dette innlegget er å sette i gang eit ordskifte i koret om stillinga til nynorsken. Forenkla kan ein seie at det går føre seg ein strid mellom to språkformer i Noreg i dag, mellom bokmålet på som har utgangspunktet sitt i dansk, og nynorsken, som bygger på dei norske dialektane. Bokmålet er ei språkform som dei herskande klassane har prøvd å prakke på den norske arbeidarklassen heilt sia dansketida.

I denne striden er Raudt Kor nøydd til å ta stilling. Det har vi og på eit vis gjort. Plattformforma seier: "Vi kjempar for ei styrking av det nynorske skriftmålet og dialektane si stilling i daglegtale". Denne formuleringa er for vag. Kva meiner vi med "styrking"? Skal vi gå inn for ei femti-femti fordeling mellom nynorsk og bokmål når det gjeld dei tekstane vi har på repertoaret? Skal vi ta inn berre nynorske tekatar frå no av? Dette spørsmålet må vi byrje å diskutere i koret. Vi har gjort den feilen at vi ikkje tok opp språkspørsmålet under plattformdiskusjonen. Vi har heile tida hatt ein tendens til å sette s skille mellom språk og politikk. Vi har sett på språket som underordna innhaldet i og med at det er innhaldet som skal føre fram den rette politikken. Men det må vere feil å skuve språkspørsmålet i bakgrunnen. Eit kor bruker språket som uttrykksform, og det er derfor nødvendig at vi bruker ei språkform som bygger på dei norske dialektane.

Vi har så smått byrja endre ein

del av dei dårlegaste tekstane våre. I dette arbeidet har vi støytt på fleire problem. Kva skal vi gjere med dei gamle klassikarane av forfatarar som t.d. Rudolf Nilsen? Skal vi sette dei om til nynorsk? Vi meiner det er rettast å ikkje endre tekstane deira, men heller konsentrere oss om nye songar. Målsettinga bør vere å få flest moglege tekstar på nynorsk. Men det er langt att i kampen for å gjere nynorsken til det einaste skriftmålet i landet, så vi bør ikkje forkaste alle bra bokmålstekstar. Men kva er bra bokmål? Med det meiner vi ein radikal form som ligg nær folkeleg talemål på austlandet. Vi har prøvd å radikaliserer ein del av bokmålstekstane ved m.a. å få inn fleire hokjønnsformer, skrive -a i staden for -et i fortid og ved å bytte ut typisk litterære ord med folkelege uttrykk. Retningslina har vore å tenke etter kva folk eigentleg seier og ikkje kva dei har vorte påverka til å skrive. For begge måla har vi nytta dei "radikale" formene i læreboknormalen.

Vi har hatt store problem fordi heile setningsoppbygginga ofte har vore tung og innfløkt slik at meininga ikkj

har kome godt nok fram. I slike høve har vi ikkje greidd å forbedre teksten i særleg grad. Vi meiner han skulle skrivast heilt om. Dette gjeld t.d. "På veg". Vi oppfordrar folk i koret til å prøve å skrive om slike dårlege tekstar.

Det er på tide at Raudt Kor byrjar å ta språkstriden alvorlig. Berre gjennom grundige diskusjo-

forts. INTERVJU

også faller inn i rammen "godt sosialt miljø" er ikke lite avhengig av hvordan en selv er, hva en er villig til å gjøre. Muligheten til å stifte nye vennskap synes absolutt å være til stede, SAMMEN ER VI STERKE!

Med søsterlig hilsen fra
et nytt kornedlem.

-
- 1) Da jeg støtter korets plattform og synes det er goyt å synge, falt det naturlig for meg å begynne i koret.
 - 2) Så absolutt.
 - 3) Diskusjonene i stemmegruppene har blitt for dårlig prioritert. Jeg er også misfornøyd med all småprattinga når koret synger samlet. Forøvrig har

nar kan vi kome fram til brukbare retningslinjer i språkpolitikken. Vi må syne at vi har valt side i språkstriden gjennom ein god og rett praksis.

jeg ikke noe å klage på. Den entusiasmen og iveren folk viser, er veldig inspirerende og samler koret.

- 4) Jeg har vært svært imponert over ledelsen helt siden det første møtet, og dette inntrykket har ikke endret seg.
- 5) Altfor klikk-preget.

-
- 1) Jeg liker å synge og er opptatt av politikk. Hva var da mer naturlig enn å begynne i Rødt Kor? Dessuten er kultur en viktig del av klassekampen.
 - 2) Jeg visste lite om koret på forhånd, men de forventninger jeg allikevel hadde, er fullt ut blitt innfridd.
 - 3) Vi i bassgruppa har dyktige stemmeledere, og synginga bærer preg av godt grunnarbeid. Det virker som det samme gjelder for de andre gruppene. Møtene fungerer stort sett bra. Tida blir godt utnytta.
 - 4) Koret blir leda på en utnerka måte!
 - 5) Mitt inntrykk er at ikke alle de nye har funnet seg skikkelig til rette i det sos. miljøet i koret. Sjøl er jeg godt fornøyd. Jeg trivs på alle måter i Rødt Kor!

MELD DEG PÅ GRUNNSIRKEL I MARXISMEN-LENINISMEN !

Skal arbeiderklassen vinne seier, i
dagskampen og i den sosialistiske
revolusjonen, trenger den ^{vi} riktige
retningslinjer for kampen.

Derfor er det svært viktig at mange
studerer erfaringene fra klassekampen
i Norge og andre land.

i marxisme-leninisme: Marx, Engels, Lenin, Stalin
Grunnsirkelen legger fram:

Klasser og klassekamp, Politisk øko-
nomi, Staten, Imperialisme og krig,
Væpna revolusjon eller fredelig over-
gang til sosialismen?, De borgerlige
arbeiderpartiene, Det kommunistiske
partiet.

~~for oss at vi følger~~
Det er svært viktig å skaffe seg ^{oss}
teoretiske kunnskaper som kan lede
oss på alle områder i klassekampen.
Det er nødvendig for å kunne skille
rett fra galt!

^{Jeg}
Derfor vil jeg oppfordre medlemmene
i koret til å melde seg på studie-
sirkel. ^{Den vil bli startet opp i midten av februar. Vi har}
Jeg mener det er viktig å
studere marxismen-leninismen for å
styrke koret politisk, slik at vi
kan bli en enhetlig kamporganisasjon
og en knyttneve i klassekampen!

Blått på grunnkurs!
De som er interessert, kan gi
beskjed til meg.

Willy.

REGNSKAP FOR HØSTEN -76

Inntekter:

Overført fra 2/6-76	kr.	1800,45
Kontingent	kr.	2190,00
Honorarer	kr.	200,00
Innsamling i koret	kr.	2636,90
Overskudd (se nedenfor) + salg	kr.	<u>1014,95</u>
Samla inntekt	kr.	<u><u>7841,90</u></u>

Overskudd fra korsamlinga i Trondheim og helgeseminaret,
(der en del av overskuddet er salg av mat som ble til overs).

Utgifter:

Kopiering/stensilering	kr.	645,25
Frimerker og papir	kr.	167,15
Annonser	kr.	291,20
Utgifter til mat	kr.	500,00
Utgifter til skjerv	kr.	150,00
Bevilgninger til streiker o.l. (se nedenfor) ...	kr.	<u>2208,80</u>
Samla utgift	kr.	<u><u>3962,40</u></u>

Demonstrasjonsstøtte til tiltakskomiteen.
Støtte til MAI, streikestøtte til Champignonarbeiderne (1358,80).

Beholdning pr. 5/12-76 : kr. 3879,50

NOKRE SYN PÅ INTER-

NASJONALEN.

Internasjonalen er verdsproletariatet sin song. Han er skriven av kommunarden Eugene Pottier i juni 1871, rett etter at Pariskommunen fall. Songen dreg lærdom frå kommunen og stakar ut den revolusjonære vegen frametter for proletariatet sin verdshistoriske kamp.

Den franske originalen er eit frami frå revolusjonært dikt som seinare er omsett til mest alle språk i verda. Slike omsetjingar har ofte vore merkt av kampen mellom dei to linene i arbeidarrørsla. Reformistar og andre har støtt freista å smugle bort den revolusjonære budskapet under omsetjingsarbeidet. Til og med på originalspråket, fransk, er songen blitt revidert! T.d. vart det alt i 1882 publisert ein anarkistisk versjon der Pottiers tekst var "korrigerert" på eit dusin plasser uten at det er plass til å gå nærare inn på detaljene her.

Pottiers song er i høgsta grad eit klassisk, revolusjonært verk. Det er brotsverk å freiste å "justere" eller endre eit slikt klassisk verk! Det skal for all framtid stå i original versjon. Målsetjinga med denne artikkelen er å syne at Høgåsen sin nynorske versjon av Internasjonalen er ei sosialdemokratisk forfalskning som har fjerna det revolusjonære budskapet. Ingen arvtakrar etter Pariskommunardane lyt synge denne Høgåsenversjonen!

POTTIERS ORIGINALVERSJON:

Pottiers originalversjon har 6 vers. Første verset manar til oppreist for den sosialistiske revolusjonen, og peiker på proletariatet si verdshistoriske rolle. Andre verset manar til klassesolitaritet og felles kamp, og at ein ikkje skal lite på redningsmenn frå "oven". Tredje verset peikar på klasse-

karakteren til staten og lovverket, og peikar fram mot lovverket under proletariatets diktatur. Fjerde verset er om utbytinga og kampen mot ho. Femte verset går mot militarismen, og varslar at proletariatet ein dag skal vende borsemunninga mot "eigne" generalar. Sjette verset hyller Internasjonalen som partiet til det arbeidande folket, og skildrar den strålende framtida som venter når "gribbene" vert borte.

Songen er gjennomsyra av enorm kraft og optimisme, hat til klassefienden og han manar heile vegen til kamp mot undertrykkinga på kvart område.

DET SVENSKE FØREBILETET:

Internasjonalen vart omsett til svensk av Henrik Menander i 1902 (1901?). Eg veit ikkje sikkert, men det er mange ting i omsetjinga som tyder på at Menander sin versjon har vore eit førebilete for den norske omsetjinga til Olav Kringen som kom i 1904. Den svenske Menander-omsetjinga er påverka av den sosialdemokratiske leiaren Hjalmar Branting. Branting har m.a. ansvaret for at Pottiers femtevers vart kutta ut på svensk (det om den vopna kampen). Ellers er Menander si omsetjing både god og nøyaktig men unnantak av nokre veike einskildpunkt.

OLAV KRINGENS VERSJON:

Den vanlege versjonen som vi nyttar på norsk av Internasjonalen er Olav Kringen sin dansk-norske tekst. Samanlikna med Pottier sin original, tykkjer eg at Kringen har miste fleire viktige poeng

enn det svenske førebiletet. Men i hovudsak held Kringen si omsetjing mål. Han har halde fast på det revolusjonære innhaldet, men samstundes tykkjer eg ikkje den lyriske sida av omsetjinga hans er særleg god. Kringen har teke med det femteverset som vart kutta ut på svensk (jfr. "De fyrster har oss slemmt bedraget"). Omsetjinga hans er i original prenta i tidsskriftet "Det tyvende århundrede" nr.4 for 1904. Seinare er original versjonen modernisert ein del i språket, og i DNA-sangboka for 1908 finn vi songen stort sett slik vi kjenner han i dag (eg veit ikkje om Kringen sjølve stod for disse småendingane). Men det viktigste ved DNA-revideringa av Kringen sin originaltekst frå 1904 er at fjerdeverset er kutta ut (verset som handlar om utbyttinga). Slik står det att berre fem vers på norsk. Kringen si originalomsetjing av dette fjerdevers er ellers særst god, så det finnst ikkje lyriske grunnar til å kutte han...

Det veikaste i Kringen sin versjon er nett det femte verset om den væpna kampen. Her har Kringen kutta Pottier sitt trugsmål om at proletarsoldatane sin kuler er til for deira eigne genenalar i borgarhæren. Omsetjinga hans av dette verset peiker deffor i retning av "Det brukne geværs" politikk. Som eit sidesprang, før eg går over til nynorskversjonen, vil eg nemne at nokre har hevda at lina i førsteverset "Vi intet var, men alt..." er ei sosialdemokratisk forfalskning, og at ein lyt syngje: "Vi intet har". Men dette stemmer kørkje med Kringen

sin original eller med Pottier.

Pottier talar om motseiinga mellom kva proletariatet er (dvs. intet) og kva det skal bli (dvs. alt). Rett nok er det unøyaktig når Kringen skriv "intet var" stadenfor er, det presise hadde vore "Vi intet er, men alt skal enve". Men ein gjer vondt verre gjennom å innføre "har". Pottier sitt poeng er ikkje kva arbeiderklassen har, men om han er ein herskande eller undertrykt klasse.

HØGÅSEN SI FORFALEKNING:

M. Høgåsen har fulgt Kringen sin leist. Han har til punkt og prikke fulgt opp dei veike sidene ved Kringen versjonen, slik som å kutte ut Pottiers fjerdevers, dei pasifistiske tendensane i nest siste verset osv. Men Høgåsen går langt vidare enn dette. Omsetjinga hans er merkt av abstrakt biletbruk og mange frasar. Pottier sin original er konkret og "saftig", og Kringen har halde på mykje av dette - men ikkje Høgåsen. Lat oss ta det første verset som døme:

Originalen til Pottier talar om eit vulkanutbrot som skal vera slutten. Kringen skriv tilsvarende om "siste kamp", medan det på nynorsk heiter "brest i band og slæebolt". Pottier talar vidare om å gjera bordet blåst for alt frå fortida. Kringen skriv likeens "alt det gamle med jorden vi jevner", men Høgåsen sin nynorskversjon gulpar opp eit inkjeseiande "rått og rote opp med rot vi river". Det er vel og bra med bokstavrim, men denne frasa peikar i det heile ikkje på klassekampen. Originalen summerer opp proletariatet si framtid som herskande klasse med orda: Vi er ingenting - lat oss bli alt! Kringen skriv i samsvar med dette: "Vi intet var, men alt vi evner", medan Høgåsen mister heile poenget når han skriv i nynorskversjonen: "Fram kamerat! Til fridom fram."

Eit anna typisk drag ved nynorskversjonen til Høgåsen er at han set allment preik om åndskamp i staden for konkret skildring av klassekampen. T.d. talar både Pottier og Kringen i nest siste verset om kamp mot fyrstar og kongar, medan Høgåsen skriv "mot sjølve lygna slår vi slaget". Ein kan ramse opp fleire slike einskildpunkt. T.d. i det same verset der Kringen er i samsvar med originalen når han skriv: "Og mordbud ikke mer skal lydes, på brødre ei vi skyter mer". Dette viktige poenget har Høgåsen erstatta med "Ein sumar suser inn mot landet, og vi, vi sjølve våren er"(!) Det er typisk at Høgåsen i siste verset seier "slår all urett ned" når Kringen skriv om blodsugarane og at "endeleg slår vi dem ned".

Nokon klassefiände finst knapt nok i det heile teke i Høgåsenversjonen. Det er istaden ein abstrakt "urett" som skal bytast ut mot "lov". Men Pottier ropar ikkje etter "lov" in abstactio; i det tredje verset skriv han om likskapen og at den krev andre lover enn det borgarlege. Han presiserer det gjennom s. 10 ordet om ingen rett utan plikt, men heller ingen plikt utan rett. Kringen si førsteutgåve frå 1904 har fått med seg dette poenget og seier: "Med plikt skal rett bli øvet", men dette er seinare vorte revidert til "mot alle retten skal bli øvet". Høgåsen har sjølvsagt fulgt opp denne "rettinga" og skriv: "Vi retter rygg som før var trampa og so vi skriv vårt samfunns lov" - kva no slikt skal seie?

Heile diktet til Høgåsen er gjenromsyra av at Internasjonaler er redusert til krav om borgarleg-demokratiske rettar. Stikkorda er rettferd, fred, lov og rett, brorskap, mot lygna osv.

Siste verset til Høgåsen talar om organiseringa av det arbeidande folket i eit parti. Kringen har omskrive denne oppmodinga til organisering med "arbeider, bonde, våre hære...." (som er dårlegare), men Høgåsen hoppar over heile poenget og skriv "Arbeidar, bonde, støde, sterke...." Høgåsen har laga ein reformistisk versjon av Pottiers revolusjonære song. Ei av dei mest fundamentale reformistiske tesene i arbeidar-rørsle er Bernstein si revisjonistiske parole: "Bevegelsen er alt - målet intet", dvs. berre vi går frametter bit for bit, kjem vi saktens fram dit vi skal. Høgåsen har smugla inn dette revisjonistiske tankegodset i Internasjonaleren i siste verset der han seier: "Vi stemnar fram om det gjekk seint". Dette er programfesting av den gradvise overgangen til sosialismen, og står kvasst opp imot tanken om ei brå, revolusjonær omveltning.

Alt i alt tykkjer eg derfor Høgåsen sin versjon lyt vurderast som ei sosialdemokratisk forfalskning som skal få sova i fred i dei borgarlege songbøkene til DNA og revisjonistane. Argumentet om at vi lyt nytte Høgåsen avdi han skriv på nynorsk vert meiningslause i ein slik samanheng. Tvert om er det hån mot nynorsken at det ikkje finst ein revolusjonær utgåve av Internasjonaleren på det norske målet, kan hende er det turvande å skrive ein ny versjon?

KARK.